

Helse Sunnmøre jubilerer

- Sjukehuset i Ålesund 40 år
- Sjukehuset i Volda 25 år

Side 14



Arbeider for bedre finansieringsordning

s. 2



Engasjert og erfaren

s. 10



Med hjarte for Zambia

s. 12

I år er det jubileumsår for Helse Sunnmøre. Ålesund sjukehus har 40 års jubileum og Volda sjukehus 25 års jubileum. Vi har allereie starta feiringa med flotte foredrag i Ålesund der vi fekk høyre tilbakeblikk frå gamlesjukehuset si tid på Klipra og fram til i dag. Umiddelbart er ikkje 40 år lang tid tilbake i tid, men i den medisinske verden er det likevel store steg som er teke i desse åra. Dette fekk vi godt illustrert i foredraga som vart halde. Den teknologiske utviklinga har vore enorm desse åra, likeså personellutviklinga og då spesielt tal tilsette legar og spesialiseringa innan medisinen.

Seinare i vår vert det tilsvarande foredrag i Volda, og vi avsluttar feiringa med ein stor jubileumsfest for alle tilsette i mai.

Jubileumsåret har på mange måtar fått ein overraskande start. I januar fekk vi gledeleg nyheit frå KLP om at vi var tildelt arbeidsmiljøprisen for 2010 for prosjektet vi har hatt retta mot gravide arbeidstakarar. Dette blir markert 18. februar med overrekking av mellom anna 100.000 kroner frå KLP! Eg takkar for den gode jobben som er gjort av prosjektgruppa og spesielt prosjektleiaren og prosjektjordmødrene for dette arbeidet som har resultert i at våre gravide no er i arbeid nærmast heile svangerskapet. I sist veke fekk vi på ny ei gledeleg overrasking. For første gong var vi med i NM for institusjonskokkar. Jammen tok vi sjølvmedalje! Gratulerer til Anita Dalseth Bernhardsson og Hilde Lehmann Valde!

I starten av året fekk vi også beskjed om at våre dagar som Helse Sunnmøre snart er forbi. Det er 9 år sidan vi vart stifta som helseføretak. Den 1. juli blir vi eitt helseføretak i Møre og Romsdal. Arbeidet med å etablere det nye helseføretaket er starta. Valkomiteen som skal foreslå medlemar til det nye styret er kome saman og administrasjonen i Helse Midt-Norge har oppnemnt styringsgruppe og prosjektleiar for å jobbe fram dei administrative prosessane som må vere på plass innan 1. juli. Allereie 3. mars vil styret i Helse Midt-Norge stifte det nye helseføretaket. På dette møtet vil det nye styret bli oppnemnt, namnet på føretaket og hovudkontoret for føretaket bli vedteke. Vi går mot store endringar framover, endringar som vi må fokusere på skal bli til det beste for pasientane i Møre og Romsdal.

Med vennleg helsing
Astrid J. Eidsvik



Framsida:

– I Ålesund har ein ikkje markert jubilea i særleg grad tidlegare. Når Volda i tillegg kan skilte med 25-årsjubileum, såg vi 2011 som ein gyllen sjanse til å feire jubileum i heile føretaket, seier administrerende direktør i Helse Sunnmøre Astrid J. Eidsvik. Les meir på side 14.

Vil arbeide

På Norsk Ergoterapeutforbund sitt landsmøte den 9.-11. november i fjor blei to ergoterapeutar frå Helse Sunnmøre valde inn i sentralstyret. Synnøve Melseth gler seg til å ta fatt på oppgåvene som 2. nestleiar. Ei viktig oppgåve blir å arbeide for at ergoterapeutar blir inkluderte i ulike finansieringsordningar.

På siste dagen av landsmøtet blei òg Bjørnar Rovde, spesialergoterapeut ved vaksenspsykiatrisk avdeling på Larnes, vald inn som sentralstyremedlem.

– Det er svært positivt at vi får representantar frå Helse Sunnmøre inn i sentralstyret til Norsk Ergoterapeutforbund. Her kan dei vere med å fremje saker som opptek oss i det daglege arbeidet, seier Lillian Moldskred, leiar ved ergoterapiseksjonen ved Ålesund sjukehus. Ergoterapeutforbundet held til i Oslo og har om lag 3500 medlemmer.

Givande arbeid

Synnøve Melseth er tilsett ved ergoterapiseksjonen. Ho har lang fartstid som organisasjonstillitsvald og har dei tre siste åra vore fylkesleiar for Norsk Ergoterapeutforbund avdeling Møre og Romsdal.

– *Kva skal du arbeide med som 2. nestleiar og styrerepresentant?*

– Eg skal både arbeide med politiske saker, høringsfråsegner og vere medlemmene sitt talerør i organisasjonen. Ergoterapi fremjar aktivitet og deltaking, noko det er viktig å jobbe for både på samfunns- og individnivå.

– *Kvifor ønskjer du å engasjere deg i styret?*

– Det er givande for meg å arbeide med styresaker. Vi er ei lita faggruppe, men har ei viktig rolle i norsk helsevesen. Vi har ein flott visjon som viser kva vi står for som yrkesutøvarar: «Aktivitet og deltaking for alle». Det er både inspirerende og viktig å jobbe for at dette skal spegle seg i samfunnet.

Vil ha finansiering

Det nye styret i Norsk Ergoterapeutforbund hadde sitt første ordinære møte i veke 2. For tida jobbar dei med høringsfråsegner til ny folkehelseslov og ny kommunal helse- og omsorgslov.

– *Kva forventar du at styret skal oppnå i den kommande styreperioden?*

– Eg forventar at vi skal klare å oppfylle måla i programmet vårt. Helsefremjande og førebyggjande arbeid, habilitering og rehabilitering skal prioriterast. Det er òg viktig å arbeide for at ergoterapeutar blir inkluderte i ulike

for betre finansieringsordning



Synnøve Melseth og Lillian Moldskred synest det er svært positivt at representantar frå Helse Sunnmøre no er med i sentralstyret til Norsk Ergoterapeutforbund.

finansieringsordningar. Slik situasjonen er i dag, kan ikkje ergoterapeutane krevje eigenandel ved polikliniske konsultasjonar. Vi får heller ikkje refusjon for utføring av prosedyrar som andre yrkesgrupper kan ta takst for. Dette er viktig å få på plass, fordi vi no opplever ei dreining frå behandling av inneliggjande pasientar til meir poliklinisk verksemd, seier Melseth. Moldskred legg til at slik situasjonen er i dag, er refusjon og eigenandel meir avhengig av utførande yrkesgruppe enn av kva som blir gjort.

Ergoterapi fremjar aktivitet og deltaking

Ergoterapiseksjonen ved Ålesund sjukehus har 3,75 stillingar fordelt på fem personar. Dei er hovudsakleg knytte til avdeling for fysikalsk medisin og rehabilitering, medisinsk, revmatologisk og til ortopedisk avdeling og poliklinikk. Totalt har Helse Sunnmøre 23 ergoterapeutar fordelt på ulike klinikkar.

Ergoterapiseksjonen har som mål å fremje aktivitet og deltaking. I tett samarbeid med andre yrkesgrupper kartlegg dei ressursar og avgrensingar som pasientane har når det gjeld å kunne utføre

aktivitetar etter ein sjukdom eller skade. Dette kan vere aktivitetar knytte til eigenomsorg, som hygiene, eting, matlaging og husarbeid, eller aktivitetar knytte til arbeid eller fritid. I samarbeid med nevropsykolog og lege er dei med og vurderer om pasientar framleis har nødvendige føresetnader for å kunne køyre bil.

– Når ein person har vanskar med å utføre daglege aktivitetar, kan vi setje i verk ulike tiltak. Det kan for eksempel vere trening av funksjon eller trening i daglege gjeremål. Vi kan gi råd om energisparande arbeidsmetodar, slik at vedkommande blir medviten om kva ein bruker kreftene på, og korleis ein utfører ulike aktivitetar. Dette er til dømes viktig for kols-pasientar, seier Moldskred.

– Bruk av tekniske eller ortopediske hjelpemiddel kan vere tiltak slik at vedkommande framleis kan vere sjølvhjelpen. Eit døme på hjelpemiddel som er særskild aktuelle på denne årstida, er varnehanskar og varmevottar, seier Moldskred og viser fram eit par skinnhanskar med isyde varmetrådar. Desse gjer at pasientar som av medisinske årsaker ikkje klarer å halde på varmen i hendene på naturleg måte, kan fungere ute på kalde dagar i vinter-halvåret.



Eit døme på hjelpemiddel som er særskild aktuelle på denne årstida, er varnehanskar og varmevottar. Desse har fått varmetrådar sydde inn.

– Ved behov for tilrettelegging av bustad eller arbeidsplass er samhandling med primærhelseteneste eller bedriftshelseteneste nødvendig. Informasjon om samanhengen mellom aktivitet og helse er òg ein viktig del av arbeidet, både for at folk skal halde ved like og fremje funksjon og ferdigheiter, avsluttar Moldskred.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Sjukehusapoteket jubilerer:

Eit føregangsapotek i 40 år

Med entusiasme og nye tankar om apotekdrift starta Kjell Steinar Aasen Sjukehusapoteket i Ålesund i 1971. Apoteket var det første i sitt slag utanfor Oslo. Å tenkje framtidsretta har prega Sjukehusapoteket i alle år. Siste nytt er planar om ein hypermoderne maskin som sorterer varer i rekordfart.

Sjukehusapoteket representerte nytenking. Sjølv om Rikshospitalet og Ullevål sjukehus òg hadde apotek, var dette det første som flytte inn i sjukehuset som ei sjølvstendig avdeling.

– Få år etter at vi hadde etablert oss, blei det oppretta nye apotek ved fleire sjukehus i landet, først i Molde, deretter Bodø og så ved ei rekkje andre sjukehus. I dag er det 30 sjukehusapotek i Norge, seier Unni Jørgensen. Ho var den første Aasen tilsette – som apotekassistent. Opningsdagen var 1. februar 1971.

Laboratorium i frisørsalong

– Eg jobba saman med Aasen på apoteket Nordstjernen i sentrum. Før han opna apoteket på Åse, fungerte han som konsulent på sjukehuset. Då han spurde om eg ville jobbe på Sjukehusapoteket, var eg rask med å svare ja. Jørgensen gjekk av med pensjon sist sommar. Ingen andre har dermed følgt utviklinga gjennom apoteket sine første førti år som henne.

– Den første tida heldt vi til i eit lokale like ved hovudinngangen på hovudblokka på Åse. Det var ganske smått med plass. Laboratoriet vårt blei innlosjert i det som egentleg skulle vere ein frisørsalong, minnest Jørgensen. – Men vi klaga ikkje.

Sjukehusapoteket i Ålesund var lenge synonymt med apotekar Aasen, som no er 83 år. I dag blir apoteket leidd av apotekar Marianne Barstad.

– Han var ein føregangsmann som ikkje var redd for å tenkje store tankar om apotekdrifta. Noko blei gjennomført i hans tid som apotekar, andre ting er vi i ferd med å gjennomføre no, seier Barstad.

Måla til Aasen handla mellom anna om å få til ei effektiv forsyning av medisinar til sjukehuset. Tett samarbeid mellom avdelingane på sjukehuset stod sentralt. Han var oppteken av å gi legemiddelinformasjon til brukarane, både pasientar og helsepersonell. Dette inkluderte mellom anna informasjon om riktig legemiddelbruk. Åsen meinte apoteket hadde ei viktig rolle når det gjaldt å få folk til å bruke legemiddel på rette måten, han hadde mellom anna fast spalte i Sunnmørsposten. Det



Kjell Steinar Aasen hadde nye tankar om apotekdrift då han starta Sjukehusapoteket i Ålesund i 1971.

var ikkje vanleg med legemiddelstatistikk som viste kven som brukte kva, i sjukehuset på denne tida. Aasen var òg forut for si tid på dette området. Han var dessutan redaktør i den gamle sjukehusavisa Måsen, ein forløpar til Sunnmøring.

Røyking i apoteket

– Aasen var ein person som var godt likt og respektert på sjukehuset. Han kjende alle, og stemninga i apoteket var svært god. Mange kom innom apoteket for å slå av ein prat og ta seg ein røyk. Ja, det var ei anna tid, seier Jørgensen og ler. Ho fortel òg at dei hadde store forventningar til å bruke røykpost, noko som var veldig moderne på den tida.

– Vi blei veldig skuffa og slutta fort med dette fordi systemet aldri verka som det skulle, minnest Jørgensen.

Medan Sjukehusapoteket i starten hadde til saman to årsverk fordelt på seks personar, har det i dag vakse seg stort. Mykje har endra seg gjennom førti år – mykje til det betre. For eksempel var overgangen frå å skrive rekningar for hand til å bruke datamaskinar kjærkommen. I 1999 flytte apoteket til lyse og trivelege lokale i eit nytt tilbygg på nordvestsida av sjukehuset.

– Sjukehusapoteket har i dag 29 tilsette, inkludert to i Volda som arbeider med service og forsyning

av medisinar til sjukehuset der. Verksemda er meir omfattande enn nokosinne. For tida arbeider vi mellom anna med ein av Aasen sine kongstankar – riktig legemiddelbruk i helseføretaket. I samarbeid med legar og sjukepleiarar går vi gjennom medisane pasientane står på, for å avdekkje problem med feil legemiddelbruk, seier Barstad.

– Fire farmasøytar arbeider no med klinisk farmasi, det vil seie å førebyggje og løyse legemiddelrelaterte problem og kommunisere med legar og sjukepleiarar om dette.

Plan om apotekrobot

Sjukehusapoteket har òg ei viktig oppgåve på kreftavdelinga. Frå eit eige laboratorium produserer og forsyner dei kreftavdelinga med cellegiftkurar. Apoteket har plan om ei større modernisering med å installere ein automat som sorterar, lagrar og hentar varer ved hjelp av robotarmar.

– Når maskinen får ein ordre, hentar han medisane lynraskt. Vi sparer både plass og tidsbruk for personale som i dag må bruke mykje tid på å finne riktig vare. Det blir ei kjempeforbetring, seier Barstad.

Trivsel på jobb

Jørgensen og Barstad tykkjer Sjukehusapoteket er ein flott arbeidsplass prega av eit svært godt miljø. Trivselen gjorde at Jørgensen valde å stå i arbeid heilt til ho var 70 år.

– Vi har alltid hatt eit godt samarbeid med Helse Sunnmøre, og med fylkeskommunen før føretaksreforma, seier Barstad. Ho presiserer at sjukehusapoteka skil seg frå andre apotek fordi dei er offentlege, og apoteket vårt er eit av seks apotek i Helse Midt-Norge. Dei ressursane vi skaper, blir verande i regionen og kjem fellesskapet til gode.

– Korleis har de tenkt å markere 40-årsjubileet?

– Vi skal ha fest for dei tilsette og pensjonistane våre. Planlegginga er i full gang. Dei fortener i alle fall å bli feira. Vi er det nest største, men òg det beste sjukehusapoteket i Helse Midt-Norge, seier Barstad og ler.

Tekst og foto: Anbjørn Holme



Unni Jørgensen og Marianne Barstad tykkjer Sjukehusapoteket er ein flott arbeidsplass prega av eit svært godt miljø.



○ Fakta

Sjukehusapoteket i Ålesund

Organisering:

del av Sykehusapotekene i Midt-Norge som er en del av Helse midt-Norge.

Leiar: apotekar Marianne Barstad

Tal på tilsette: 29

Aktuelt: opna i 1.februar 1971, feirar i år sitt 40 år med medisinleveranse til sjukehusa og til privatpersonar

Fagaktivitetar: klinisk farmasi, legemiddelkomité, div. prosjekt

Produksjon: cellegiftkurar, TPN, antibiotikapumper, smertekassetar m.m.

Helse Sunnmøre fekk nasjonal arbeidsmiljøpris



Prosjektleder
Trude Fjærli Giskås.

Helse Sunnmøre er den stolte vinneren av Kommunal Landspensjonskasse (KLP) sin arbeidsmiljøpris for 2010.

Arbeidsmiljøprisen fekk føretaket for prosjektet "Ta magen med på jobb". Prisen på 100.000 kroner vart tildelt fredag 18. februar på sjukehuset i Ålesund. "Ta magen med på jobb" har vore eit prosjekt i samarbeid med KLP og NAV arbeidslivssenter, og som har omhandla førebygging av sjukefråvær under svangerskap. Prosjektet er gått over til ordinær drift.

Dei overordna måla har vore å etablere ein personalpolitikk, som gjer at gravide tilsette får høve til å stå lenger i arbeid, samt å auke kunnskap og medverke til bevisstgjering om tilrettelegging for arbeidstakarar generelt.

Resultatmålet er at tilsette kan vere i arbeid med tilrettelegging til veke 30 i svangerskapet. Det er brukt same metodikk som vert nytta i oppfølgingsarbeidet av sjukefråvær. Prosessen har vore godt forankra både hjå leiinga og dei tillitsvalte. Juryen i KLP meiner at "Ta magen med på jobb" er eit velorganisert prosjekt, med gode resultat og stor overføringsverdi. Informasjon om prosjektet har og vore brukt i NOU

2010:13 som eit godt eksempel på tilrettelegging for gravide.

231 tilsette i Helse Sunnmøre har hatt oppfølging frå prosjektjordmor og nærmaste leiar frå prosjektet var oppe og gjekk frå februar 2008. Dette vart avslutta som prosjekt desember 2009, og er no implementert i den daglege HMS-drifta. Det viser seg no at gravide tilsette i helseføretaket er i arbeid heilt eller delvis fram til veke 33 med andre ord tre veker lenger enn det som var målsetjinga, og seks veker lenger enn då prosjektet starta.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Organisering av føretaksstruktur i Møre og Romsdal

Oppretting av nytt helseføretak i Møre og Romsdal var oppe som sak i det regionale styret den 3. februar. Dette omhandla oppfølging av vedtak i sak 10 frå Føretaksmøte 25.01.11 - "Sammenslåing av Helse Nordmøre og Romsdal HF og Helse Sunnmøre HF." Føretaket skal vere etablert innan 1. juli 2011.

Styret ber valstyret starte arbeidet med å foreslå kandidatar til styret i det samanslåtte helseføretaket mellom Helse Nordmøre og Romsdal HF og Helse Sunnmøre HF. Valstyret sitt arbeid skal vere ferdigstilt til neste styremøte som er sett til 3. mars.

Styret bad administrerende direktør om å legge fram ei sak på styremøtet i mars der direktøren informerer

styret om planane knytt til gjennomføring av prosessen med å slå saman dei to helseføretaka. Første primæroppgåva for det nye styret vil bli å tilsette adm. direktør for helseføretaket i Møre og Romsdal. Styra i Helse Sunnmøre og Helse Nordmøre og Romsdal vil fungere parallelt fram til 1. juli.

I samband med stifting av det nye helseføretaket vil det bli lagt fram forslag til kvar det nye hovudkontoret for helseføretaket i Møre og Romsdal skal lokaliserast. - Det nye helseføretaket skal vere etablert innan 1. juli, og eg er trygg på arbeidet vil bli gjennomført på eit godt vis der dei tilsette sine representantar er viktige samarbeidspartnarar. Oppretting av eit felles

helseføretak i Møre og Romsdal skal kome pasientane våre til gode. Med bakgrunn i vedtaket frå føretaksmøtet i januar ynskjer vi samordne tilbodet og betre kvaliteten på tenestene til det beste for befolkninga i fylket, seier styreleiar Kolbjørn Almild.

Administrasjonen i HMN vil fram mot styremøtet i mars utarbeide ein plan knytt til gjennomføring av prosessen med å slå saman dei to helseføretaka. Omstillingsarbeidet framover vil ta utgangspunkt i Omstillingsavtalen for Helse Midt-Norge og ein vil syte for at omstillinga skal gjennomførast på trygt vis for å skjotte dei tilsette på ein god måte.

Like god behandling

På det årlege haustmøtet for Norsk kirurgisk foreining (NKF) i oktober vann Jon Hjorthaug prisen for beste presentasjon frå miljø utanfor universitetssjukehus. Hjorthaug arbeider som kirurg på sjukehuset i Volda. Studien viste at kvaliteten på behandlinga av tjukktarmskreft er like god på små og store sjukehus.

Studien tok utgangspunkt i behandlinga av coloncancer, det vil seie tjukktarmskreft. Dette kan omtalast som ein del av kjerneverksemnda innanfor gastrokirurgien.

Målet var å finne ut kor mange av pasientane opererte for tjukktarmskreft ved seks sjukehus i Helse Midt-Norge som har overlevd, og om det er forskjell sjukehusa imellom når det gjeld kor mange som har overlevd.

Datagrunnlaget for studien var alle pasientane som blei behandla for den aktuelle kreftforma på sjukehusa i Levanger, Namsos, Ålesund, Molde, Kristiansund og Volda i perioden 1993 til 2004, totalt 2328 pasientar.

– Studien eg presenterte, handlar om noko vi er svært nysgjerrige på i gastrokirurgien, nemleg om det er forskjell på behandlinga mellom store og små sjukehus. Vi fann ut at små sjukehus gjer ein like god jobb som dei store. Kirurgien blir gjort på same måten, og han blir gjort like bra uansett storleiken på sjukehuset, seier Hjorthaug.

**Tekst og foto:
Anbjørn Holme**



Jon Hjorthaug vann prisen for beste presentasjon frå miljø utanfor universitetssjukehuset då Norsk kirurgisk foreining (NKF) hadde sitt haustmøte i oktober.

Doktorgrad og

John Olav Roaldset disputerte fredag 10. desember ved Ålesund sjukehus. Overlegen på voksenpsykiatrisk avdeling ved sjukehuset gjennom 23 år la dermed fire års hardt arbeid bak seg og blei samtidig tildelt ei postdoc.-stilling ved NTNU.

– Det er godt å vere ferdig. Det har vore ei lang ferd, men samtidig har det vore veldig lærerikt, og eg er ingen sliten mann, seier Roaldset.

No ser han fram til den nye kvardagen sin som blir delt 50–50 mellom stillinga på voksenpsykiatrisk avdeling og den nye postdoc.-stillinga. I sistnemnde jobb skal han vidareføre arbeidet frå doktorgraden. Det er ei forskingsstilling der han skal sjå nærare på ein del problemstillingar som han ikkje fekk med i avhandlinga.

I fjor sommar leverte John Olav Roaldset inn avhandlinga si, men som vanleg er, gjekk det seks månadar før han fekk ho godkjend.

– Det tek eit halvt år frå avhandlinga er innlevert, til det blir disputas, og då går ein litt «på vent». Men slik er det for alle, og det gjer det vel òg ekstra godt når ein kjem i mål, seier han.

Lang og spennande dag

– *Korleis var dagen du disputerte?*

– Han starta med ei prøveføreling. Ho varte i ein time, og eg snakka om eit tema som eg fekk utdelt to veker i førevegen. Sjølv disputasen tok til klokka 12.00 og varte til 14.30.

– *Var du nervøs?*

– Først er ein usikker på korleis det går. Då skal jo det ein har jobba lenge med, testast og kritiserast. Samtidig er det spennande og eit fint høve for å presentere arbeidet ein har gjort, seier han.

Roaldset roser opponentane for grundig førearbeid og ein god disputas.

– Dei hadde førebudd seg veldig godt og hadde ei veldig konstruktiv haldning. Så eg må òg få rose dei for at det blei ein hyggjeleg dag, seier overlegen.

Han fortel at sidan disputasen gjekk føre seg på Ålesund sjukehus, var det mange som hadde møtt opp for å høyre på, og at auditoriet var «relativt fullt», som han sjølv kallar det.

I etterkant blei det arrangert ein såkalla doktormiddag for opponentar, rettleiarar, ein representant frå NTNU, sentrale medarbeidarar i prosjektet frå Ålesund sjukehus og Oslo Universitetssykehus og Roaldsets næraste familie og venar på Jugendstilsenteret i Ålesund.

Viktige funn i doktorgraden

Doktorgradsstudien til Roaldset heiter «Vurdering av risiko for vold, suicidalitet og selvskaing i akuttpsykiatrisk sammenheng – en bio-psyko-sosial tilnærming». Han hadde to siktemål: først å undersøkje ulike metodar for å vurdere risikoen for vald, suicidalitet og sjølvskade og deretter å sjå på korleis ein så tidleg som mogleg etter akuttinnlegging kan identifisere dei som treng vidare utgreiing av risikoen for suicidalitet, sjølvskade eller vald.

Studien prøvde ut forskjellige metodar i ein prospektiv, naturalistisk design. Roaldset såg på risikovurderinga pasienten sjølv gjorde (SRS), eit strukturert screening-instrument for vald (V-RISK-10) og ei måling av serotonin i blodplater og lipid i blod. Målgruppa var alle akutt innlagde pasientar gjennom eitt år, frå 2006 til 2007. SRS og V-RISK-10 blei vurderte ved innlegging og utskrivning, og blodprøvar blei tekne ved innlegging. Risikovurderingane og blodprøvesvara blei samanlikna med suicidalitet, sjølvskading og vald registrert under opphaldet, i tillegg til tre og tolv månadar etter utskrivning. Roaldset har hatt mellom 450 og 500 pasientar med i forskinga si, og for screeninga var over 1000 pasientar involverte.

– Når det gjeld eiga risikovurdering, fann vi ut at ein bør høyre på dei som seier at dei er ein risiko. Desse predikerte vald, suicidalitet og sjølvskade. SRS var mest presis for suicidalitet og sjølvskade under innlegginga og mest nøyaktig for vald etter utskrivning. Vi har ikkje sett at dette funnet har vore publisert tidlegare, korkje i Norge eller internasjonalt, seier Roaldset, sjølv om det blir brukt i den kliniske kvardagen.

– Screeninga viste at ho fanga opp risikoen for vald veldig godt, og at ho var like god som eller betre enn andre etablerte risikoinstrument. Ho er òg kort og fungerer godt til akuttpsykiatri. Det som var ekstra lovande, var at ho slo godt inn for pasientar vi ikkje kjende til frå før. Til slutt fann vi ut av det var ein samanheng mellom enkelte av feittstoffa og vald hos pasientane våre. Eit anna feittstoff viste samanheng med sjølvskading hos dei som blei lagde inn fleire gongar, seier han.

Første- og andreopponent under disputasen var dr. Ulrika Haggård frå Karolinska Institutet og førsteamanuensis Ketil J. Ødegård frå Universitetet i Bergen. Professor Ståle Bjørkly frå Høgskolen i Molde var rettleiar for John Olav Roaldset i arbeidet med doktorgraden saman med professor emeritus K. Gunnar Gøtestam og professor Are Holen frå NTNU.

Tekst: Marius Solberg Anfinsen

ny jobb



*Fredag 10. desember disputerte
John Olav Roaldset ved
Ålesund sjukehus.*

STRATEGI 2015:

Sentrale mål for Helse Sunnmøre

Helse Sunnmøre skal yte gode og likeverdige spesialisthelsetenester til alle som treng det, uavhengig av diagnose, alder, kjønn, bustad, personleg økonomi, etnisk bakgrunn, tilpassa den enkelte sin livssituasjon, og vi skal leggje til rette for forskning og undervisning.

Visjon: "På lag med deg for helsa di."
Verdiar: Tryggleik, respekt og kvalitet.

Sentrale mål og fokus i perioden fram til 2015

- Befolkninga skal kjenne seg trygge på at ho får den hjelpa ho treng, når ho treng det.
- Kvaliteten på pasienttilbodet skal halde høg nasjonal standard.
- Pasientane skal få heilskaplege og samanhengande tenester og gode pasientforløp med rett behandling på rett nivå.
- Helse Sunnmøre skal vere ein helsefremjande og framtidretta kompetanseorganisasjon med ein kultur prega av respekt og læring.
- Helse Sunnmøre skal ha gode utviklings- og omstillingsprosessar med medverknad frå brukarar, medarbeidarar og sentrale samarbeidspartar som kommunane.
- Helse Sunnmøre skal ha god styring og ressursutnytting og vere blant dei mest effektive helseføretaka i landet for å få meir helse ut av kvar krone.
- Helse Sunnmøre skal vere nytenkjande i måten vi tilbyr tenestene våre på, til det beste for pasienten og samarbeidspartar og vere aktive i omdømmebygging og dokumentasjon av kvalitet.

Kva er Strategi 2015?

- Strategi 2015 er strategiplanen til Helse Sunnmøre.
- Planen gjeld for perioden fram til 2015.
- Styret behandla Strategi 2015 i juni 2010.

Du finn meir om strategien 2015 på heimesida www.helse-sunnmore.no.



Engasjert og erfaren

At Jan Ole Bolsø (54) skulle arbeide i helsestellet, var noko han aldri hadde trudd på førehand. Som rådgivar ved Lærings- og meistrings-senteret (LMS) i Volda har han no den mest givande jobben han nokosinne har hatt. SunnMøring møtte Bolsø på jobb.

- Det er lett å vere engasjert i dette arbeidet. Det vi gjer, betyr noko for folk. Fleire pasientar får kunnskapen dei treng for å klare livet med sjukdom på ein betre måte, seier Bolsø.
- Kommunikasjon er her sentralt. Det var erfaringane mine med kommunikasjonsverksemd som gjorde at eg byrja på LMS i 2002, fortel Bolsø som i mange år har drive med film og kommunikasjon og vore lærar på medielinja ved Høgskulen i Volda.

Opplæring av pasientar

Hovudverksemda til Lærings- og meistrings-senteret er pasient- og pårørandeopplæring.

Dette inneber å lære pasientane korleis dei kan leve med kroniske sjukdommar. Pasientar med kroniske sjukdommar må tilpasse seg ein ny kvardag. Dette kan innebere nye utfordringar med endring av livsstil og vanar og ikkje minst sorg og kjensla av tap over aktivitetar som det kan ha blitt umogleg eller vanskeleg å halde fram med.

LMS har det organisatoriske ansvaret for pasient- og pårørandeopplæringa i føretaket, men det er avdelingane som har ansvaret for å drive opplæringa. Det er avdelingane som har fagkunnskapen. LMS er ein støttetfunksjon for

dette arbeidet. Senteret har òg ei eiga forskingseining i tillegg til regionale oppgåver. Jan Ole Bolsø arbeider med den regionale funksjonen senteret skal ha. Dette går mellom anna ut på fagutvikling, samarbeid og nettverksbygging mellom LMS i regionen og dei andre LMS-sentra i landet.

Lærte av eiga sjukdomshistorie

Bolsø fortel at pasient- og pårørandeopplæring utgjer eitt av fire hovudmål for Helse Midt-Norge. I denne samanhengen er koplinga mellom fagkunnskap og erfaringsbasert kunnskap sentral. På kursa får

Jan Ole Bolsø trivst svært godt på Lærings- og meistringssenteret. – Det vi gjer, betyr noko for folk. Derfor er det lett å vere engasjert i arbeidet, seier han.

deltakarane lære både av fagfolk og erfarne brukarar. – Samtale er sentralt i opplæringa. Mange opp dagar at tankane og erfaringane deira ikkje er så spesielle og unike som dei trudde på førehand, og at det gjer godt å dele dei med nokon som forstår ut frå eiga erfaring, seier Bolsø.

At han sjølv har vore kreftpasient og kjent på dei same tankane, ser han som ei svært nyttig erfaring i arbeidet sitt.

– Som kreftpasient på St. Olavs Hospital hadde eg god støtte i både venner og familie, men samtidig hadde eg opplevinga av at dei ikkje heilt kunne skjønne situasjonen eg var i. Det å snakke med andre i same situasjon blei derfor svært verdifullt.

Bra for menn

Bolsø legg til at han ikkje ser på sine egne sjukdoms-erfaringar som særleg unike. Ein svært stor del av befolkninga har anten vore alvorleg sjuke sjølve eller stått nær nokon som har vore det. Bolsø trur særleg menn kan ha godt av å vere i eit fellesskap med andre som har tilsvarende erfaringar.

– Menn er flinke til å snakke om alt det tekniske rundt det å vere sjuk. Verre blir det når ein kjem inn på kjensler, korleis dei har det. Menn må vere trygge for å snakke om dette. I opplæringstiltaka prøver vi å skape trygge rammer for denne typen samtalar, seier han.

Lista er lang over kursa Helse Sunnmøre kan tilby. Bolsø fortel at kurset som rettar seg mot diabetikarar, er eit klassisk døme på pasient- og pårørandeopplæring.

– Etter at ein har fått påvist diabetes, er behovet for å lære å leve med sjukdommen stort. Kosthald, blod-sukkermåling og rett bruk av medisin er viktig. Ein treng òg å forstå kva diabetes er. I tillegg kan situasjonen betrast av at ein held seg i god form. Det er med andre ord mykje å setje seg inn i, seier Bolsø, og det er tungt for folk å finne ut av dette på eiga hand utan starthjelp.

Omreisande oppvekst

Bolsø kom til Volda som student i 1979 for å studere kommunal planlegging. Ettersom han hadde foreldre frå Sunnmøre, mor frå Mulldalen i Tafjord og far frå Bolsøya ved Molde, hadde alle sommarferiane hans vore på Sunnmøre. Derfor var det kanskje ikkje så rart at det var her han slo seg ned.

– Eg har ein far som jobba i militæret. Derfor flytta vi mykje. Eg blei fødd på Lillehammer, men eg pleier å seie at eg ikkje eigentleg er frå nokon stad, seier Bolsø. Austlandsdialekten hans som er umogleg å plassere geografisk, underbyggjer dette poenget.

Bolsø møtte kona si, Olaug, i Volda. Saman har dei tre barn – tvillingane Oda og Kaja på 17 år og Frida på 16 år.

– Kva gjer du når du skal kople av på fritida? – Tvillingane er aktive i skyttarlaget i Volda. Helgane går ofte med til å følgje dei på stemne. I denne samanhengen

driv eg òg websidene til skyttarlaget. I tillegg driv Frida med handball, seier Bolsø. Han prøver òg å halde seg i form sjølv og er derfor innom treningssenteret «Tren» to til tre gonger i veka.

Musikk og vinyl

Jan Ole Bolsø er glad i å lese bøker. Då han begynte å lytte til lydbøker, fekk han endeleg fart på lesinga igjen. Han er dessutan ein musikkinteressert mann. I åttiåra var han mellom anna DJ på utestaden Porse.

– Åttitalsmusikken øydela nærast musikksmaken min, seier han og ler. Bolsø dyrkar framleis musikkinteressa si i Volda Vinyl – ein musikkklubb som blei starta for åtte år sidan.

– Vi er sju menn med ei gjennomsnittsvekt på rundt 100 kg som møtest fredagar kvar fjerde veke for å spele vinyl-plater, snakke om musikk og om livet elles, seier Bolsø. Medlemmene i Volda Vinyl har kjent kvarandre i 30 år, men gjennom Volda Vinyl har kameratskapen vakse. Åra i Volda Vinyl har opna øyra hans for mykje ny musikk som han elles ikkje ville ha høyrte på. – Ein periode hadde vi Volda Vinyl på laurdagar, men då sette familiane våre foten ned, seier Bolsø.

Han engasjerer seg òg i det lokale forumet Kreative Volda. Her møtest folk med ulike kreative yrke i lokalsamfunnet.

– Dette er eit spennande prosjekt der både filmmiljøet, musikkmiljøet og høgskulemiljøet er godt representert. Nettverket møtest med jamne mellomrom for å presentere prosjekta sine for kvarandre og diskutere felles utfordringar og moglegheiter. Den neste samlinga skal vi faktisk ha her på Lærings- og meistringssenteret, seier Bolsø.

Kreativt kalkunforslag

Jobbmiljøet på LMS er absolutt av det kreative slaget.

– Vi er ulike folk, med ulike erfaringar, men ein ting har vi felles: Vi ler mykje og ofte. Samhaldet på avdelinga er svært godt, noko som stadig resulterer i nye påfunn og idear, seier Bolsø.

– Men ettersom vi er gode til å komme på idear, er det av og til slik at vi må skjerpe oss for å klare å gjennomføre ideane våre til riktig tid. Dette er noko vi er bevisste på og jobbar med, seier Bolsø.

Den store kalkunfesten i haust var eit påfunn dei gjennomførte til gagns. Ideen oppstod då dei tilsette kom til å tenkje på at steikjeommen på kjøkkenet aldri blei brukt. Først blei det føreslått at dei skulle lage pizza. Denne vesle ideen voks fort til å bli ein kalkunfest med fire kalkunar og 200 inviterte gjester.

– Kalkunfesten gjorde at vi fekk samla mange av samarbeidspartnarane våre og på denne måten kombinert sosialt samvære og formelle møte. Ein stor suksess, avsluttar Bolsø.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Namn:

Jan Ole Bolsø

Alder: 54

Sivil status:

Gift, 3 barn

Stilling:

Rådgivar ved Lærings- og meistringssenteret i Volda.

– Eg fekk sjå dei alvorlege konsekvensane mangel på hjelp og kompetanse har. Dette gjorde stort inntrykk, og eg bestemte meg for at eg ville bidra meir enn berre éin gong, seier Siqueland.

Med hjarte for Zambia

Det var ein spent lege som i 2008 sette seg på flyet til hjartet av Sør-Afrika, Zambia. Lite visste han då at landet skulle få ein spesiell plass i hans eige liv, og at dette skulle bli starten på eit spennande og viktig engasjement.

Gustav Siqueland er 31 år og kjem opphavleg frå Bærum. Han er utdanna lege ved universitetet i Budapest og busett i Ålesund. At ein gut frå Austlandet skulle finne vegen til Sunnmøre, var vel heller tilfeldig, men etter turnusteneste og fastlegestilling i Nord-Noreg var fjell og fjord ein viktig del av tilveret.

Tilfeldigheiter

Han er til dagleg å finne som assistentlege på medisinsk avdeling ved Ålesund sjukehus. Men ein gong i året tek han turen ut – langt ut. Frå det sunnmørske klimaet med regn, vind og låge temperaturar dreg han til eit land som er lite privilegert i verdssamanheng – Zambia, i sørlege Afrika. – Det var vel ikkje heilt planlagt frå byrjinga at eg skulle til Afrika, smiler Gustav. Vi er på Ålesund sjukehus og har fått litt tid med legen før han skal i gang med ettermiddagsvisitten. Det var i turnusteneste at Gustav byrja å interessere seg for tropemedisin, og derfor tok han turen til London for å studere dette meir i nokre månader. I Europa var det heller få plassar han kunne få praktisere det han hadde lært, og då fekk han tipset om å dra til Afrika.

– Eg fekk anbefalt denne staden av nokre kollegaer i London. Sjukehuset som ligg heilt aust i landet på grensa til Malawi og Mosambik, er det største misjons-sjukehuset i landet og eit av dei beste i Zambia. Då valde eg å dra dit i seks månader frå 2008 til 2009 for å praktisere tropemedisin – det var veldig spesielt, forklarer han.

Fattigdomsforbanninga

Zambia er eit land med svært høge førekomstar av malaria, hiv og tuberkulose. Forventa levealder ved fødsel er blant dei aller lågaste i verda, og mange barn dør før skulealder er nådd.

Saint Francis Hospital ligg i Katete-distriktet med ei befolkning på cirka 200 000. Likevel betener sjukehuset heile den austlege provinsen i landet med ei befolkning på 1,5 millionar. Med store elementære manglar følgjer eit stort behov for hjelp, og dette er det som i dag driv mange typar helsepersonell ut i frivillig arbeid for dei fattigaste. – Eg fekk sjå dei alvorlege konsekvensane mangel på hjelp og kompetanse har. Dette gjorde stort inntrykk, og eg bestemte meg for at eg ville bidra meir enn berre ein gong, forklarer legen.

Sponsormidlar er viktige

Saman med mange frivillige legar og sjukepleiarar frå ulike stader i verda har han bestemt seg for å dra ned ein måned kvart år. Dette krev god planlegging og tilrettelegging, ikkje minst når ein gjer det frivillig utan løn. Då er òg sponsormidlar eit viktig bidrag.

– Då eg drog tilbake i 2010, hadde eg som formål å dele ut ei prosedyrebok til sjukehuset som eg hadde skrive og trykt opp her i Noreg. Dette var òg det eg brukte mykje av tida på der nede, å lære opp dei som arbeider fast på sjukehuset. Samtidig arbeider ein kontinuerleg med pasientane som kjem inn, sidan behova er såpass store. Sist eg var der, kom eg til Zambia

seint laurdag kveld og var i gang med pasientbesøk søndag morgon, smiler Gustav.

Han fekk støtte frå Norsk forening for infeksjonsmedisin til reisa fram og tilbake. Frå Ålesund sjukehus fekk han med seg medisinar og materiell som blei donerte til sjukehuset i Katete. Det kom godt med på turen.

– Kva får ein lege til å ta ut ulønt permisjon og dra til eit land i Afrika for å arbeide slik du har gjort?

– Det gjer eit enormt inntrykk å sjå dei behova som er der nede. To tredelar av pasientane på sjukehuset er hiv-positive, og på grunn av dårleg ernæring har folk dårlegare immunforsvar. Tuberkulose er òg ein stor dødsårsak, og på grunn av avstanden til sjukehuset er dei fleste svært dårlege når dei kjem fram. Dette gir meg drivkrafta til å gjere noko med det, forklarer Gustav, som allereie er i gang med planlegginga av årets tur.

Oppfordrar fleire

Han oppfordrar andre på det sterkaste til å gjere det same, og han har allereie hatt med tre kollegaer ned. Ein av dei blir med i år òg.

– Eg prøver sjølvsgagt å rekruttere andre til å gjere det same. Det er utruleg givande, og å bruke kompetansen sin på dei aller mest trengande er flott, avsluttar Gustav Siqueland.

**Tekst: Runar Andersen
Foto: Gustav Siqueland**







2011 – eit jubelår

Administrerende direktør Astrid J. Eidsvik fortel at leiinga såg jubilea i Ålesund og Volda i 2011 som ein gyllen sjanse til å feire jubileum i heile føretaket.

Feiringane står i kø i Helse Sunnmøre i år – Ålesund sjukehus blir 40 år og Volda sjukehus 25. Samstundes har pilene peikt oppover for kvalitetsindikatorane og økonomien i føretaket det siste året.

– I Ålesund har ein ikkje markert jubilea i særleg grad tidlegare. Når Volda i tillegg kan skilte med 25-årsjubileum, såg vi 2011 som ein gyllen sjanse til å feire jubileum i heile føretaket, seier administrerende direktør i Helse Sunnmøre Astrid J. Eidsvik.

Jubileumsfest i mai

Kommunikasjonssjef Solveig Moe Frøland er leiar i jubileumskomiteen. Ho fortel at det i årevis har vore snakka om å arrangere ein fest for dei tilsette i Helse Sunnmøre.

– No er endeleg anledinga her. Festen skal arrangerast på Rica Parken Hotel i Ålesund 6. og 7. mai. Vi ser og veit at dei tilsette står på i arbeidskvardagane sine, noko som gjer at helseføretaket kan yte gode tenester. Dei fortener verkeleg å bli feira, legg ho til.

Moe Frøland meiner feiringa er kulturbyggjande og eit godt høve til å samle dei tilsette om noko kjekt. Ettersom sjukehusa er fulle av skiftarbeidarar, skal feiringa skje over to dagar. Slik skal alle kunne delta på festen.

Fleire arrangement

– Ein programkomité arbeider no med å lage eit spennande opplegg for festdeltakarane. Men vi ser

det som viktig at det ikkje blir for mange postar på programmet. Folk skal få sjansen til å vere sosiale saman med arbeidskollegaene sine, seier Moe Frøland. Ho presiserer at god kostnadskontroll er eit viktig omsyn for programkomiteen. Festdeltakarane frå Volda treng ikkje uroe seg med tanke på transport. Det skal leigast inn bussar både til og frå arrangementet.

Men det er meir enn berre ein fest som skal avviklast. Fleire arrangement skal skje i løpet av våren. I Ålesund starta dei allereie 28. og 29. januar med fagdag. Dette var eit ope arrangement. Tilsvarende tilstelling skal skje i Volda i mars månad.

Moe Frøland fortel at sommarnummeret av SunnMøring (nr 3. 2011) i år blir eit jubileumsnummer. Her kan du lese meir om jubileumsfesten og om folk som har vore med å prege sjukehusa i føretaket gjennom fleire år.

Sjukefråværet ned

Administrerende direktør i Helse Sunnmøre kan melde om at føretaket har lagt bak seg eit år med svært positive resultat.

– Vi leverer godt på kvalitetsmål, held høg aktivitet og har opparbeidd eit godt økonomisk grunnlag. Dei siste åra er det gjort store omleggingar av



Kommunikasjonssjef Solveig Moe Frøland.

drifta vår. Vi begynner no å sjå resultat av dette, noko som er gledeleg, seier ho.

Eit anna positivt utviklingstrekk er at sjukefråværet har gått ned med heile 15 prosent frå 2009 – 2010. – Helse Sunnmøre er ein attraktiv arbeidsplass. Ettersom mange har lyst til å jobbe her, har rekrutteringa vore svært god den siste tida, seier Eidsvik. Ho avsluttar med å leggje til at føretaket det siste året har vore prega av ro, noko som kan vere fordi vi har klart å avslutte vanskelege prosessar på ein god måte, mellom anna strategi-prosessane og klinikkorganiseringa.

Tekst og foto: Anbjørn Holme

Magasin for
Helse Sunnmøre
www.helse-sunnmore.no



Redaktør/ kommunikasjonssjef:

Solveig Moe Frøland
70 10 68 10 /
92 20 80 89
solveig.moe.froland@
helse-sunnmore.no



Prosjektleder/ journalist:

Anbjørn Holme
41 51 11 31

anbjorn.holme@cox.no



Annonse- konsulent:

Elin Nagelsen
55 54 08 02

elin.nagelsen@cox.no

BARNE- OG UNGDOMSAVDELINGA



Innflyttinga startar 24. mars 2011

Veke 12: Barnemedisinsk poliklinikk
Dagbehandling
Kontor/administrasjon

Veke 13: Neonatal intensiv seksjon
Barnemedisinsk seksjon
(full drift frå 1. april).

23.mars
stenger den gamle
barnepoliklinikken i
1. etg og Åsebøen

28.mars
opnar den nye
poliklinikken og
dagbehandlinga for
pasientane

Innflytting frå kirurgisk klinikk: 26. april: ØNH avdeling
26. april: Kirurgisk avdeling
1. juni: Ortopedisk avdeling

HER FINN DU SEKSJONANE I DEN NYE AVDELINGA:

Underetasje: BARNEMEDISINSK POLIKLINIKK OG DAGBEHANDLING

1. etasje: NEONATAL INTENSIVSEKSJON OG KONTOR/ ADMINISTRASJON

2. etasje: BARN 1 – INFEKSJON
BARN 2 – BARNEMEDISIN/ KIRURGI/ ORTOPEDI/ ØNH

OBS! NYE TELEFONNR FRÅ 28.MARS
HOVEDTELEFON 70167550

TOLKING

Tolkebestilling:
Tlf. 75 54 22 00 / 815 35 500
DØGNVAKT

NORICOM® NORD AS

Lokalkontor Ålesund
Tlf. 70 13 03 60 / 75 54 22 16

TOLKING - TILSTEDE OG TELEFON

NYTILSETTINGAR I HELSE SUNNMØRE Liste over nytilsette i faste stillingar

Kristina Meinseth,
Fysioterapeut,
Fysioterapiseksjonen,
Avd. for fysikalsk medisin
og rehabilitering,
Medisinsk klinikk,
Ålesund sjukehus.
Byrja 29.11.2010.

Elizabeth Larsen,
Logoped, Avd. for
fysikalsk medisin og
rehabilitering,
Medisinsk klinikk,
Ålesund sjukehus.
Byrja 20.01.2011.

Marita Elin Trandal,
Kokk med fagbrev ved
Kjøkken Volda,
Serviceavdelinga,
Volda sjukehus.
Byrja 01.01.11.

Kari Sissel H. Magerholm,
Assistent, Kiosk/Kafé,
Serviceavdelinga,
Ålesund sjukehus.
Byrja 01.11.2010.

Gro Åsnes, Avdelingssjef,
Medisinsk avdeling,
Medisinsk klinikk,
Ålesund sjukehus.
Byrja 01.01.2011.

Mona Beate Zahl Longva,
Onkologisk sjukepleiar
ved Palliativt team Volda,
Kreftavdelinga,
Medisinsk klinikk,
Volda sjukehus.
Byrja 01.01.11.

Maria Moen Holme,
Sekretær,
Spesialseksjonen,
Vaksenpsykiatrisk
avdeling,
Ålesund sjukehus.
Byrja 20.12.2010.

Kari Sletten Helgesen,
Avdelingssjef,
Operasjonsavdelinga,
Kirurgisk klinikk,
Ålesund sjukehus.
Byrja 01.01.2011.

Anne Grete Osdal Raknes,
Sekretær ved BUP
Volda, Psykisk helsevern
for barn og unge,
Volda sjukehus.
Byrja 01.01.11.

Birgit Urke Hansen,
Sjukepleiar,
Onkologisk post,
Kreftavdelinga,
Medisinsk klinikk,
Ålesund sjukehus
Byrja 01.11.2010

Valentin H Trendafilov,
Overlege ved Volda DPS,
Vaksenpsykiatrisk
avdeling, Volda sjukehus.
Byrja 08.11.10.

Beate Lid Belt,
Bioingeniør ved
Laboratorium for
medisinsk biokjemi Volda,
Medisinsk serviceavdeling,
Volda sjukehus.
Byrja 01.01.11.

Irene Flaaten Molnes,
Sekretær,
Dokumentasjonssenteret,
Serviceavdelinga
Ålesund sjukehus
Byrja 01.02.2011.

Berit Nygaard,
Psykolog ved Volda DPS,
Vaksenpsykiatrisk
avdeling, Volda sjukehus.
Byrja 30.11.10.

Gry Nasset Valseth,
Sekretær ved Kreft-
poliklinikken Volda,
Kreftavdelinga,
Medisinsk klinikk,
Volda sjukehus.
Byrja 01.01.11.

Marit Dalseth Ræstad,
Sekretær,
Dokumentasjonssenteret,
Serviceavdelinga,
Ålesund sjukehus.
Byrja 01.02.2011.

Mari Vatne Nybø,
Sekretær ved Psykiatrisk
poliklinikk Volda, Vaksen-
psykiatrisk avdeling,
Volda sjukehus.
Byrja 01.12.10.

Brit Staurset,
Sekretær ved
Medisinsk poliklinikk
Volda, Medisinsk avdeling
Volda, Medisinsk avdeling,
Volda sjukehus.
Byrja 03.01.11.

Per Erik Tødenes,
Sjefstråleterapeut,
Stråleterapiseksjonen,
Kreftavdelinga,
Medisinsk klinikk,
Ålesund sjukehus.
Byrja 18.01.2011.

Ragnhild S. Aarseth,
Fysioterapeut ved
Fysioterapiseksjonen
Volda, Medisinsk klinikk,
Volda sjukehus.
Byrja 13.12.10.

Beate Vatne,
Helsesekretær ved
BUP Volda, Klinikk
for barn og unge,
Volda sjukehus.
Byrja 14.01.11.

Iren Anette Hatlehol,
Sjefbioingeniør,
Lab. for medisinsk
biokjemi, Klinikk for
laboratoriefag,
Ålesund sjukehus.
Byrja 01.01.2011.

Beate Therese Øren,
Bioingeniør ved
Laboratorium for
medisinsk biokjemi.
Volda, Klinikk for
laboratoriefag,
Volda sjukehus.
Byrja 01.01.11.



LA DEG BEVEGE - INN I EN SPREKERE HVERDAG

TREN er en lokal treningsenterkjede som tilbyr allsidig trening og sosialt samvær. Om du vil bevege deg til musikk på en av våre mange gruppetreningstimer, eller trene for deg selv på våre apparater er opp til deg selv. Kom i gang med trening nå. I samarbeid med våre treningsveiledere finner vi et program som passer for deg.

Visste du at TREN tilbyr ansatte i Helse Sunnmøre gunstig treningsavtale?

- Vi byr på FRI etablering (Verdi kr. 800,-)
- Kr. 425,- pr. mnd ved minimum 12 måneders treningsavtale. (Kan ikke kombineres med fleximedlemskapsbetingelser.)
- Kortkostnad på kr, 100,- kommer til ved oppstart.

PS! TREN har gunstige familieordninger. Du slipper ekstrakostnader for å koble på flere i familien.
Barn / ungdom fra 15 år til fylt 21 år, kan være med på familieavtale.

Husk ID-kort eller lønsslipp så er du igang med treninga før du vet ordet av det. Fortsatt ikke helt bestemt deg?
Ta med annonsen og vi tilbyr deg en GRATIS prøvetime!

VELKOMMEN TIL OSS PÅ TREN!

Meld deg inn i dag
ved å sende *en SMS til*
BEVEGEHS <e-postadresse>,
<fødselsdato> til 2007
**) Min. 12 mnd. avtaleperiode, Månedspris 425,-,
1-en mnd. oppsigelsestid fra
1. i påfølgende måned.*

TREN Moa, TREN Ålesund, TREN Sykkylven, TREN Volda
Telefon: 40 00 19 85, www.tren.no

